


Skildring av dyrkajorda ved Tue-krysset

Eigar:	Magnar Aahjem Tlf 90551413	
Gnr/bnr	71/5	Eig også 46/2 «Holen»
Grunnforhold	Jorddekt	NIBIO-klassifisering (sjå kart nedst på dokument)
Arealstorleik	Ca 10 dekar av eit samla areal på 31 dekar med samanhengande fulldyrka jord.	
Kvaliteten av jordbruksområdet	<p>Gamal eng med god vekst av ulike garsartar. Der vert beita vår og haust, og slått til fôr to gonger pr.år.</p> <p>Moldblanda sandjord som er sjølvdrenerande, med god bæreevne.</p> <p>Ved prøvestikking gjort av kommunen 19.8. fann ein at jordlaget er på ca 30 cm i området.</p> <p>Fordi mykje av arealet er flatt kan det ta litt tid før vatnet trekker ned ved mykje nedbør.</p> <p>Noko av arealet er utsatt for overfløyming ved stormflo.</p> <p>Det er lukka ein bekk som går gjennom området. Truleg med kistegrøft. Denne traseen utgjer lågaste del på marka. Øvste punkt på marka ligg 2 meter høgare, nærare elva. Dette gjer at arealet er litt kupert.</p>	
		

<p>Vurdering i kommuneplanens arealdel, kjerneområde landbruk:</p>	<p>Kommuneplan til 2020 – Arealdelen – Tekstdel (29.7.14): 1.6 Kjerneområde for landbruk og landskapsforvaltning «Kjerneområde for landbruk er basert på kriterium om bonitet, noverande bruk, alternativ bruk og krav om at det skal vere større samanhengande område.»... «Områda ved Åheimselva og på Tunheim har både høg produksjonsverdi og viktige kulturlandskapsverdiar.Begge desse typane er avsett i kommuneplanen som retningslinjeområde for landbruk.» Kjerneområda for landbruk er gitt tydelege avgrensingar mot andre retningslineområde og spesielt mot byggeområde. I sentra rundt omo i kommunen er det sett av område som vil kunne dekke alle tenkelege utbyggingsbehov langt utover planperioden. Ein av grunnane til at omfanga av utbyggingsområde, spesielt for bustadbygging, er så mye større enn behova, er at arronderinga skal syne den planlagte utviklingsretninga for tettstadane. På den måten ønskjer ein også å skape større tryggleik for vern av dyrka mark, og det er høve til å unngå konfliktfylte lokaliseringar av til dømes bustader og driftsbygg. Kommunen reknar derfor dei avsette grensene for kjerneområde landbruk som absolutte på kort og mellomlang sikt (utover planperioden), og dei skal derfor praktiserast særskilt strengt.»</p>
<p>Kommuneplan til 2020 – arealdelen – Føresegner og retningslinjer</p>	<p>2.4 Område med særleg omsyn til landbruk (pbl §11-8c): «I område LNF-L, som viser kjerneområde for jordbruk, er det ikkje tillate med frådelling eller bygging til bustad eller ervervsføremål som ikkje er knytt til stadbunden næring. Innanfor desse områda skal omsyna til effektiv og rasjonell drift av landbrukseigedomane ha prioritet. Jordvernet skal ha særskilt vekt, og kommunen kan sette krav til lokalisering av driftsbygg og liknande for å unngå fragmentering av den dyrka eller dyrkbare jorda. Desse retningslinjene gjeld uavhengig av omsyn til eigedomsstruktur. Områda på Hakallestranda, Bjørlykke, Slagnes, ved Åheimselva og Tunheim er også karakterisert som viktige kulturlandskap. For desse områda skal driftsmessige omsyn vegast mot omsynet til kulturlandskapet og historisk utvikling av dette.»</p> <p>6.1 LNF-område med forbod mot spreidd utbygging (pbl § 11-7 nr 5a)(pbl § 11-11, nr 1,4,5): «I LNF-område er arbeid og tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter, og som ikkje er knytt til stadbunden næring, forbode. Forbode gjeld også frådelling og bortfesting av tomter til oppføring av nye bustader og fritidsbustader, samt næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring.»</p>
<p>Historikk på arealet</p>	<p>Garden har skrifteleg historie bakover til 1600, og var eitt av 4 gardar som lå i klyngetunet på Tue. Men det var truleg eit bruk frå vikingtid. I 1870 hadde garden 43 dekar ifølge bygdeboka (Gard og ætt, 1957).</p> <p>Om Tue gnr 71 står det i bygdeboka «Geologisk er tilhøva på Tue noko nær dei same som Åheimsbygda elles. Høgste stroket der det gamle Tue-tunet låg er ei grusterrasse frå nest siste istid, medan dei lågare og vidtrakte flatene langs med elva er gamal sjøbotn med god dyrkingsjord».</p>

<p>Alternativsvurdering</p>	<p>Dersom matjorda skal flyttast:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etter forslag frå eigar ser vi at den kan fordelast utover restarealet på 20 dekar, for å forbetre dette; jamne ut kupert areal og få ein profil som drenerer betre. Det vil forbetre eksisterande areal, og vere meir tilpassa dagens maskiner i jordbruket (eks breie slåmaskiner). <p>Alternativ flytting i nærområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> -dyrkbare jord på 46/2, som i dag er beite. 2,6 dekar (eigar Magnar Aahjem) - dyrkbare jord på 47/14 (eigar Svein Thue), 3 dekar. -Dyrkbare jord på 71/3 (eigar Tormod Hvattum), som i dag er overflatedyrka. 6 dekar. <p>(dei to siste eigarane er ikkje førespurt)</p> <p>Oppgradering av arealet her vil gje gode haustingsflater med fulldyrka areal.</p>  <p>The map displays a topographic view of agricultural land. Several parcels are outlined in orange and labeled with their identification numbers: 71/5/0, 46/2/0, 47/13/0, 47/14/0, and 47/14/0. The map also shows contour lines, roads, and buildings. Text on the map includes 'alternativsvurdering dyrkbare jord 71/3', 'alternativsvurdering dyrkbare jord 46/2 og 47/14', and 'Areal 11.9'. A scale bar indicates 1 meter.</p>
<p>Eigars kommentarar</p>	<p>Magnar Aahjem har i samtale med initiativtakarane sagt ja til at 5-10 dekar av arealet nærast misjonshuset kan regulerast. Det er ikkje diskutert erstatningssum eller anna for arealet.</p> <p>Arealet er i bruk til slått og beite, og er ein viktig del for dagens driftsomsfang. Drifta på bruket er slaktedyr av storfe og sau, med ca 15 oksar, 35 vinterfôra sau.</p> <p>Totalt areal på bruket 71/5 og 46/2: 55 dyrka, 12 innmarksbeite.</p> <p>Leigd areal: 12 da dyrka, 11 da overflatedyrka og 48 da innmarksbeite.</p> <p>Det er god tilgang på meir leigejord i området, og Magnar Aahjem har fått tilbod om meir areal frå nabobruk.</p>

20.08.2021

Randi Aarønæs
Landbruksrådgjevar
Vanylven kommune

70030073



NIBIO, Kilden: N5-raster viser klassifisering fulldyrka, grunnforhold: jorddekt.